



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato
11.10.2016
Dykkar dato

Vår referanse
55280/2016
Dykkar referanse

Kommunal- og moderniseringsdepartementet,
Postboks 8112 Dep.,
0032 Oslo

Tilskot ved skjøn for 2016 - fordeling resten av ramma

Fylkesmannen i Hordaland har ei attståande skjønnsramme for 2016 med kr. 8,55 mill. Vi legg no opp til å fordela resten av ramma mellom tilskot til særskilte føremål, kommunereform og generelt tilskot.

Fordeling av attståande ramme 2016 til særskilte føremål, kr. 752.820,-

Fylkesmannen i Hordaland

Fylkesmannen arrangerte 13. september i år informasjons- og samrådsmøte om kommunereforma i fylket. Fylkesmannen ber om å få refundert utlegg til hotell for konferansen.

Refusjon kr. 27.820,-

Stord kommune og Fitjar kommune

Kommunane Stord og Fitjar gjennomførte rådgjevande folkerøysting om kommunesamanslåing 25.april i år. Kommunane har gjennomført informasjonsarbeid i samband med kommunereforma og folkerøystinga.

Kommunane sine kostnader til informasjonsarbeid har vore større enn det ordinære tilskotet i denne samanheng på kr. 100.000,- til kvar kommune. Det er tidlegare gitt kr. 25.000,- frå Fylkesmannen til distribusjon av informasjonsmateriell.

Fylkesmannen vil gi dei to kommunane ekstra skjønstilskot for å dekkja attståande kostnader til informasjonsarbeid. Tilskotet omfattar begge kommunane sjølv om beløpet blir utbetalt til Fitjar kommune.

Tilskot kr. 75.000,-

Voss kommune

Kommunen har søkt om tilskot til ein mulegheitstudie for Stalheimsområdet. Området er portalt til verdsarvområdet i Nærøyfjorden og har store natur- og kulturverdiar.

Tilskot kr. 150.000,-

Vaksdal kommune

Statens vegvesen planlegg ny E16 gjennom kommunen. Kommunen har i denne sammenheng behov for å auka plankapasiteten. Kommunen søker om skjønsmidler til oppfølging av studie for regional utvikling av stasjonsbyane Vaksdal og Stanghelle.

Tilskot kr. 500.000,-

Fordeling til kommunesamanslåingar - kommunereform, kr. 2.450.000,-

Kommunane Odda, Ullensvang og Jondal

Kommunane søker om tilskot for å gjere dokumentforvaltninga meir effektiv. Prosjektet er i samarbeid med Interkommunalt arkiv Hordaland. Prosjektperioden er 2016 - 2019.

Kommunane vil få store kostnader innan IT- og dokumentforvaltninga i dei komande åra som resultat av kommunesamanslåing. God kartlegging og planlegging av arbeidet vil vere med å redusera kostnadene.

Tilskot kr. 700.000,-

Kommunane Os og Fusa

Kommunane søker om skjønsmidler for å kome i gang med prioriterte tiltak i ein forprosjektperiode som vil gå fram mot 01.april 2017. Det vil bli sett søkelys på nøkkelfunksjonar for samarbeidsprosessane, t.d. innan IKT.

Tilskot kr. 500.000,-

Fjell, Sund og Øygarden

Kommunane søker om skjønstilskot til å effektivisera arkivtenesta i kommunane. Ein viktig føresetnad for ei effektiv arkivteneste er at ein legg til rette for elektroniske arkiv ved val av datasystem i den nye kommunen, samt at det er god kvalitet og lett tilgang til dokumenta frå eksisterande kommunar.

Det er eit budsjett for tiltaket på kr. 3,0 mill. for perioden 2016 - 2018. Fylkesmannen vil gi tilskot kr. 750.000,- til tiltaket for 2016. Vi vil vurdere positivt seinare søknader om tilskot til føremålet for 2017 og 2018.

Vi har også motteke søknad om tilskot kr. 2,5 mill. til etablering av felles ID - forvaltning i ein ny kommune. Vi finn ikkje å kunne prioritera tilskot knytt til denne søknaden no.

Tilskot kr. 750.000,-

Kommunane Lindås, Meland og Radøy

Det blir søkt om tilskot i samband med IKT - strategi for den nye kommunen, samt plan for opplæring i og innarbeiding av nye system i dei eksisterande kommunane. Prosjektet skal kvalitetssikra IKT - delen av andre prosjektplanar i samband med etableringa av den nye kommunen.

Tilskot kr. 500.000,-

Generell fordeling, kr. 5.347.180,-

Vi har fordelt den attstående delen av skjønnsramma på grunnlag av prosent fordelinga mellom kommunane i den ordinære fordelinga av skjønstilskot for 2016. Kommune får i utgangspunktet om lag like stor prosentdel av ramma som i opphavleg fordeling for 2016.

Samla fordeling av attstående ramme

Dette gir følgjande fordeling av resten av skjønsmidlane for 2016 mellom kommunane:

Kommune- nummer	Kommune- namn	Skjønstilskot	2016	
			Ufordelte skjønsmidlar	Føremål/tiltak
	Fylkesmannen	27820		Kommunereform
1201	Bergen	737180		Generelt
1211	Etne	200000		Generelt
1216	Sveio	200000		Generelt
1219	Bømlo	550000		Generelt
1221	Stord	100000		Generelt
1222	Fitjar	75000		Kommunereform
1222	Fitjar	200000		Generelt
1223	Tysnes	240000		Generelt
1224	Kvinnherad	0		
1227	Jondal	100000		Generelt
1228	Odda	0		Generelt
1228	Odda	700000		Kommunereform
1231	Ullensvang	150000		Generelt
1232	Eidfjord	0		
1233	Ulvik	0		
1234	Granvin	100000		Generelt
1235	Voss	150000		Prosjekt
1235	Voss	300000		Generelt
1238	Kvam	500000		Generelt
1241	Fusa	300000		Generelt
1242	Samnanger	140000		Generelt
1243	Os	100000		Generelt
1243	Os	500000		Kommunereform
1244	Austevoll	100000		Generelt

1245	Sund	100000	Generelt
1246	Fjell	750000	Kommunereform
1246	Fjell	100000	Generelt
1247	Askøy	100000	Generelt
1251	Vaksdal	500000	Prosjekt
1251	Vaksdal	100000	Generelt
1252	Modalen	0	
1253	Osterøy	240000	Generelt
1256	Meland	240000	Generelt
1259	Øygarden	0	
1260	Radøy	200000	Generelt
1263	Lindås	500000	Kommunereform
1263	Lindås	0	Generelt
1264	Austrheim	150000	Generelt
1265	Fedje	100000	Generelt
1266	Masfjorden	0	
Sum		8550000	

Med helsing

Lars Sponheim

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Gjenpart:

Sigmund Engdal, Kommunenes sentralforbund, Postboks 1378 Vika, 0114 Oslo

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.